

Kva skil diakonien frå alminneleg nestekjærleik?

Dersom du besøker fru Olsen fordi du er ein av dei frivillige i kyrkjelyden si besøksteneste, ja då utøver du diakoni. Men er du der på vegne av Røde Kors, er det filantropi. Greitt nok kanskje, men er det noko som skil dei to handlingane?

Til nå har det vore teologane sitt domene å føra tankane sine inn mellom permar slik at studentane har noko å gruble over. Men med si prøveforelesning for dr. polit.-graden over sjølvvalt emne, har Olav Helge Angell blanda seg inn med et samfunnsvitskapleg perspektiv på spørsmålet. I forelesinga drøfta han kva som skal til for at det som er tenkt å være ei diakonal handling, også vert oppfatta slik.

Diakoni og forkynning

- Tilhøvet mellom diakoni og forkynning har vore drøfta i mange samanhengar i den norske diakonidebatten. Det har vore lagt vekt på at begge sidene ved kyrkja sitt oppdrag høyrer til i diakonien. I det norske ordskiftet har problemet med diakoni som handling utan forkynning vore at handlingane har vore sett på som tvetydige eller tause, sa Angell og viste til teologane Alf B. Oftestad og Lars Østnor. I følgje Angell tek Oftestad avstand frå det synet at diakoni er «evangelium i handling», medan Østnor hevdar at diakoni som teneste i kyrkja er mangetydig fordi det ikkje finst kvalitetar ved desse gjerningane som umiddelbart gjer dei openbare som kristen nestekjærlik.

Angell trakk òg inn teologen Torleif Austad som drøftar tilhøvet mellom diakonen og den offentlege helse- og sosialomsorga i boka «Diakoni og sosial omsorg» (1972). Der hevdar han at arbeid som kristen utfører innan ein sekulær samanheng, også kan være diakoni.

Personleg motivering

- Det verkar som om Austad er ute etter å «roa» den som er i ein slik arbeidssituasjon ved å framheve den personlege motiveringa som det avgjerande, og nærmast ta for gitt at aktiviteten viser ut over seg sjølv, ut frå motiveringa til den som utfører aktiviteten,

sa Angell og siterte Austad: «Som kristne er vi alltid i en vitneposisjon - i ord og gjerning». Trua «vil bryte gjennom ved ulike korsveier. Er den ekte, vil den vitne om ham som er troens opphavsmann og fullender, også i en offentlig sammenheng».

- Slik eg les dei forfattarane som har vore opptekne av at den doble intensjonen er eit konstituerande element for diakonien, har dei ingen gode svar på korleis særpreget skal ivaretakast utanom den forkynnande konteksten. At dette ikkje er enkelt, viser praksis og erfaringar i dei religiøst forankra organisasjonane som opererer i helse- og sosialsektoren, ikkje minst når det gjeld dei aktivitetane som er integrerte i det offentlege plansystemet.


Leach og Weber

Angell tok fatt i teologane sin påstand om at diakoni som sosial handling er taus, og la den under si samfunnsvitskaplege lupe.

- På kva måte kan vi seia at handlingar er tause? spurte han og henta svar mellom anna frå antropologen Edmund Leach, som påstår at alle handlingar både gjer noko og seier noko; handlingar kommuniserer.

Sosiologen Max Weber svarar og på dette. Han definerer handling som «menneskeleg atferd hvor den/de handlende forbinder subjektiv mening med atferden». Handlinga er sosial når den «ifølge den mening som den tillegges av den/de handlende, refererer til andres atferd, og som sitt forløp er orientert mot denne atferd».

I følgje Angell oppfattar altså sosiologen og antropologen handlingar som meiningsberande. Både ut frå at den som utfører ei handling samstundes ynskjer å fortelje andre noko, og fordi vi ofte oppfattar ein



bodskap ikkje berre i det andre seier, men også i det dei gjer.

- Den einskilde handlinga får meinung ved å bli plassert innanfor ein vidare heilskapleg samanheng av kulturelle førestillingar og verdiorienteringar. Diakoni forstått som sosial handling etter Weber sin definisjon, viser til både utøvar og adressat, til meinung, intensjon og konsekvens, sa Angell som i si forelesing konsentrerte seg om kva meinung den diakonale handlinga har for mottakaren.

Handling som teikn

Gjennom kunnskapen om språk, slik vi finn den i semiotikken (læra om teikn), har samfunnsvitskapane sett på sosial handling som teikn. Slik språket er samansett av teikn og lydar som symbol for eit meiningsinnhald, kan også handlingane vera det.

- Når vi nikkar eller rister på hovudet, gjev ikkje det meinung i seg sjølv. Det er berre ut frå ein sosial konvensjon, eller kode, dette vert forstått som tilslutning eller avvisning, sa Angell.

Olav Helge Angell ved Diaforsk forsvarte den 7. oktober si doktoravhandling om «Misjon eller terapi i rusmiddelomsorga? Tradisjon og modernitet i religiøse behandlingsinstitusjonar». I prøveforelesinga over sjølvvalt emne tok han opp «Diakoni som sosial handling, eit samfunnsvitskapleg perspektiv på diakonien i Den norske kyrkja». Doktoravhandlinga er å få ved høgskulesenteret.

- Semiotikken prøver å avdekke det konvensjonelle som ligg innebygt i kommunikasjonen av kollektiv mening, slik den er gitt i kulturen. Det er i denne samanhengen den diakonale handlinga møter eit problem i fylge teologane, som ikkje kan sjå at det finst spesielle kvalitetar ved dei diakonale handlingane «som umiddelbart gjør dem åpenbare som kristen nestekjærighet».

- Dei diakonale handlingane har ikkje utan vidare ei kollektiv mening som kristen nestekjærlik. Sagt på ein annan måte; dei kulturelle konvensjonane i samfunnet inneheld ikkje kodar som gjer diakonale handlingar til teikn som peikar ut over handlingane sjølv; til det evangeliet dei spring ut frå.

Meining

Slik Angell ser det, inneber diakonale handlingar i stor grad sosial samhandling som er språkleg formidla. Det gjeld både i behandling og omsorg. Sjølv om alle i eit samfunn oppfattar det som konkret vert uttrykt gjennom språket likt, vil dette ofte innehalde ei tilleggstydning som vert oppfatta ulikt av ulike individ og grupper i det same samfunnet. Språket har både ein denotasjon (grunntyding) og ein konnotasjon, ei tilleggstydning som vert oppfatta ulikt av ulike grupper avhengig av dei sosiale konvensjonane som gjeld i desse gruppene, det vi kan kalle delkulturar.

At handling og det som vert sagt kan ha tilleggsmeining og gjera noko med mottakaren, som grunnar seg i heilt andre ting enn dei faktiske ord som vert uttrykte, synet forteljinga i Johannesevangeliet om Jesus som ber den samaritanske kvinnen henta vatn or Sykars brønn. Då Angell brukte denne

teksten som eksempel, peika han spesielt på effekten av Jesu enkle spørsmål til kvinnen der han som jøde og mann står på samaritansk jord og ber: «Lat meg få drikka».

Møtet med den samaritanske kvinnen

- Det er nærliggjande å tolke forteljinga hjå Johannes som ein situasjon der det vart venta av Jesus at han som mann og jøde ikkje skulle tiltala den samaritanske kvinnen, sa Angell.

- I det heile burde han ha unngått samaritansk område. Ved si framferd bryt han dei kulturelle reglane - han trør feil. Han markerer ikkje den skilnaden i status som dei kulturelle reglane føreskriv, tvert om. Han etablerer eit inkluderande forhold til kvinnen gjennom sin språklege tiltale, sjølv om den denotativt berre er ei bøn om ei teneste. Handlinga kan nesten sjåast på som uttrykk for ein liten sosial og religiøs revolusjon. Det gjer inntrykk på kvinnen. Det fører til ein dialog som både formidlar ærbodighet frå Jesu side og truleg fører til auka sjølvakting og fornya religiøs tru for kvinnen, sa Angell og karakteriserte dette på alle måtar som god diaconi ut frå den nyaste definisjonen på diaconi i Den norske kyrkja. Han unngjekk heller ikkje å peika på det poenget at det også kan være god diaconi å be om ei teneste.

Gudstenesta, ein symbolrik struktur

- Det synet at diaconi primært er kyrkjelydsdiakoni kan vi tolke som eit enkelt svar på spørsmålet om korleis ein kan ivaretake eigenarten til diaconien. Dei som deltek i det «kollektive ritualet» som finn stad i gudstenesta, konstituerer ei sosial eining. Ved å knytte diaconien til denne sosiale eininga er diaconien som handlingar og handlingssystem tett forankra i ein symbolrik struktur. Denne tilbyr ein klart uttrykt meiningssamanhang for deltakarane, anten dei møter dei diakonale handlingane i gudstenesta eller i ein annan samanheng der deltakarane har den same felles sosiale forankringa.

- Vi kan seia at kyrkjelyden representerer ein delkultur med ein særskilt underkode, ein konnotativ kode for tolking av handlingar som teikn. Og koden vert gjennomgått og gjenoppfriska i forkynninga. Perspektivet kan vi utvide frå den lokale kyrkjelyden til kyrkjelydane i Noreg og ut til den globale kyrkja, sa Angell.

Plausibilitetsstruktur

Her handla det ikkje berre om den samanhengen dei diakonale handlingane vert sett inn i. Angell drog perspektivet ut til

vedlikehaldet av felles svar på eksistensielle spørsmål i eit samfunn, knytt til den amerikanske sosiologen Peter Berger. Boka «The social construction of reality» introduserte omgrepet «plausibilitetsstruktur»: Den sosiale basen og dei sosiale prosessane som skal til for å halde oppe eit verdsbilete, eller ein bestemt måte å forstå røyndommen på.

- Berger har vidareutvikla dette perspektivet i høve til vedlikehald av religion. Han hevdar at den religiøse oppfatninga av røyndommen er sosialt konstruert, og at den meiningsfulle orden vi opplever i tilværet, er sårbar. Den kan lett bryte saman i kaos. Dette gjeld spesielt den religiøst definerte orden i eit sekularisert samfunn.

- Difor hevdar Berger at om det kristne perspektivet på verda skal haldast ved like og opplevast som verkeleg, avheng det av at det finst sosiale strukturar der denne røyndommen vert teken for gitt. Og der nye generasjonar vert sosialiserte på ein slik måte at denne religiøse verda vert røyndom for dei og, sa Olav Helge Angell.

Kyrkjelydsdiakoni

- Ut frå eit slikt perspektiv kan vi forstå Alf B. Oftestad sitt syn på diaconi; først og fremst som kyrkjelydsdiakoni. Ikke minst med tanke på diaconien som dei friviljuge, kristne organisasjonane i kyrkja utfører, hevdar Oftestad at diaconien treng kyrkjelyden for ikkje å bli tømt for sitt særeigne innhald og bli sekularisert. Diaconien treng forankring i ein plausibilitetsstruktur. Den gudstenestefeirande kyrkjelyden er ein slik struktur. Ved å la diaconien utspela seg innan denne ramma er den religiøse orden trygga.

Et kjærkomment perspektiv

- At diaconien også orienterer seg utanfor denne sosiale basisen, er likevel mogeleg utan at mål og motivering misser si kraft, så lenge verksemda sosialt og religiøst er klart forankra i gudstenesta eller kyrkjelyden, avslutta dr. polit. Olav Helge Angell si prøveforelesing.

Ved den har han lagt kjærkomen kunniskap frå samfunnsvitskapen ved sida av den teologiske. Ikke berre har han, slik han sjølv uttrykte det, «illustrert at også eit samfunnsvitskapleg perspektiv har noko å tilføre». Han har gitt ny forståing som motivert til den reduksjonisme som i sin analyseiver har lagt mang ei diakonal verksemrd død fordi tenesta på det denotative plan var lik den offentlege, utan tanke for om brukarane, lik den samaritanske kvinnen, fekk eit møte med Guds kjærlek på det konnotative plan.